



Statens vegvesen

Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Terje Seim

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Tone Bøyum / 55516792 15/251850-20 24.04.2018

Svar – Fv. 402 – Sjøvold – Seim – Lindås kommune

Vi syner til ditt brev mottatt 04.04.2018. Du spør om det er mogleg å frådele tomter i samsvar med reguleringsplan for Sjøvold før krysset mellom privat veg og fv. 402 er ferdig opparbeidd.

Det kjem av plan- og bygningslova § 27-4 at før deling av grunneigedom må avkjørsle til offentleg veg vere godkjent av vedkommande myndighet. Det kjem vidare fram av veglova §40 at avkjørsle fra offentleg veg berre må byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningslova. Ligg det ikkje føre reguleringsplan kan avkjørsla ikkje nyttast utan løyve frå vedkommande vegmynde.

I dette tilfellet er kryssområdet mellom fv. 402 og bustadområdet *Sjøvold* regulert gjennom to ulike planarbeid. Der avkjørsla ligg utanfor planområdet må løyve til avkjørsle behandlast etter veglova § 40, 2. ledd. før avkjørsla kan nyttast til utvida bruk eller nye føremål.

Vi har i vår uttale til reguleringsplan for Sjøvold gjort merksam på at krysset må opparbeidast i samsvar med våre handbøker, og ein må sikre trygg kryssing av fylkesvegen for mjuke trafikantar. Vi meiner dette har vore tydeleg kommunisert i planprosessen. I begge planarbeida er det krav om rekkjefølgje til opparbeiding av kryssområdet fordi kryssområdet ikkje tek i vare trafikktryggleiken på ein god måte. Med bakgrunn i at dette er i nærleiken av skulen er vi særleg opptatt av at det skal opparbeidast trygg kryssing for mjuke trafikantar før ein opnar for ny og auka bruk.

Kryssområdet og sikker kryssing av fylkesvegen er no regulert gjennom godkjent plan. Det er likevel vårt syn at trafikktryggleiken i området ikkje er tatt i vare før krysset er opparbeidd. Slik vi forstår det har Lindås kommune tatt på seg ansvar for å utbetre krysset. Kor tid krysset vert opparbeidd er likevel uvisst, mellom anna må ein gjennomføre grunnerverv og sikre finansiering for bygging.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Faktaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi meiner at så lenge finansiering ikkje er på plass og arbeidet med opparbeiding av krysset ikkje er sett i gong, ligg det ikkje til rette for frådeling av nye tomter. Når finansiering er på plass og det fysiske arbeidet med opparbeiding av krysset har starta opp, kan ein vurdere spørsmålet på ny.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ